

---

Arkivkode:  
Saksnummer: 2016/2944

---

Orienteringssak: **b**  
Møte: 16. juni 2016

---

## **Rekneskapsrapport per mai 2016**

---

### **Bakgrunn**

På grunntildelinga (GB) er driftsresultatet per mai tydeleg lågare enn budsjettet og lågare enn i same periode i fjor. Dette er eit resultat av at instituttinntektene er noko redusert og kostnadane har, grunna ei teknisk omlegging, auka samanlikna med både budsjett og fjoråret. Driftsresultatet per mai er eit driftsunderskot på ca. 5 millionar kroner, og fakultetet overfører dermed akkumulert overskot på 4,5 millionar kroner til juni.

Innan bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) er både aktivitet og innbetalingar per mai lågare enn budsjettet. Og, med unntak av innbetalingar fra EU-aktivitet, er aktiviteten og innbetalingane for dei ulike finansieringskjeldene også lågare enn i same periode i fjor.

### **Fakultetsdirektørens kommentar**

Den økonomiske situasjonen ved fakultetet er stram, men fakultetet styrer framleis mot balanse i 2016 på GB, og ventar ingen overføring til 2017.

Innan BOA er det framleis relativt stor grad av usikkerheit, mellom anna på grunn av at rekneskapen og institutta sine prognosar peikar i ulike retningar, samt usikkerheit knytt til innbetalingar fra EU og innbetalingar knytt til nasjonal infrastruktur. Usikkerheita gjer at fakultetet per mai vel å halde prognosen fast på aktivitet og innbetaling lik budsjettmål for 2016.

Fakultetet arbeidar med å betre treffsikkerheita i prognosane, og vil følgje utviklinga framover nøye.

### **Forslag til vedtak**

Fakultetsstyret tek økonomirapport per mai 2016 til orientering.

Bergen, 10. juni 2016


Elisabeth Müller Lysebo  
fakultetsdirektør

Vedlegg: Økonomirapport per mai 2016


# Økonomirapport MN per mai 2016

## 1. Totaløkonomien ved fakultetet

**Figur 1 Utvikling GB og BOA per mai 2010-2016**




**Figur 2 Utvikling BOA per mai 2010-2016**



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet per mai i perioden 2010-2016, medan figur 2 viser utvikling i inntekter på BOA per finansieringskjelde. Inntektene på GB har i snitt auka med 5,9 % årleg per mai i perioden 2010-2016, medan inntektene på BOA har hatt gjennomsnittleg årleg auka på 3,3 % i same periode. På årsbasis er gjennomsnittleg årleg vekst i perioden 4,9 % for GB og 2,8 % BOA, når ein bruker budsjetterte inntekter for 2016. At auken i GB er høgare pr. mai skuldast auke i midlertidige strategiske tildelingar som vert utbetalt i februar, og som gjev mindre prosentvis utslag utover i året. Merk at det ikkje er tatt omsyn til inflasjon i utrekning av prosentvis vekst, og at realveksten altså er noko lågare. Som figur 2 viser, er BOA-aktiviteten per mai noko lågare enn i same periode i fjor. NFR-bidragsaktivitet, EU-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet er redusert, medan oppdragsaktiviteten har auka per mai.

Per mai 2016 kjem 33,0 % av inntektene til fakultetet frå BOA, mot 34,3 % på same tid i fjor.

**Figur 3 Prosentvis fordeling kostnadene GB og BOA per institutt per mai 2016**



Figur 3 viser korleis kostnadane fordeler seg på GB og BOA per institutt. For dei fleste institutta er hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan ved GEO og GFI er nesten 50 % av aktiviteten finansiert av BOA.

## 2. Grunntildeling (GB)

Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) per mai 2016 (tal i 1000 kr)

Grunnbetegning (mill.kr)	Prognose 2016	Årsbudsjett 2016	Budsjett pr mai 2016	Rekneskap pr mai 2016	Avvik pr mai 2016	Avvik %	Rekneskap mai 2015	Endring frå mai 2015
Inntekter frå KD		-601 541	-271 096	-271 099	4	0,0 %	-266 640	1,7 %
Andre inntekter		-15 000	-5 427	-3 607	-1 820	-33,5 %	-6 435	-44,0 %
<b>Inntekter</b>		<b>-616 541</b>	<b>-276 523</b>	<b>-274 706</b>	<b>-1 817</b>	<b>-0,7 %</b>	<b>-273 075</b>	<b>0,6 %</b>
Investeringar		9 318	5 658	7 711	-2 053	-36,3 %	2 940	162,3 %
Lønskostnad		474 236	211 213	209 715	1 498	0,7 %	204 536	2,5 %
Andre driftskostnad		109 816	35 357	33 884	1 473	4,2 %	33 683	0,6 %
Internhandel med meir		32 725	18 324	28 437	-10 113	-55,2 %	23 471	21,2 %
<b>Kostnad</b>		<b>626 095</b>	<b>270 552</b>	<b>279 747</b>	<b>-9 194</b>	<b>-3,4 %</b>	<b>264 630</b>	<b>5,7 %</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>9 554</b>	<b>-5 970</b>	<b>5 041</b>	<b>-11 011</b>		<b>-8 445</b>	
Saldo overført frå forrige år		-9 554	-9 554	-9 556	2		-15 821	
Saldo overført til neste periode	<b>0</b>	0	15 524	4 515	11 009		24 267	
<b>Sum</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	


Fakultetet har frå starten av året styrt mot balanse, og ser ikkje grunn til å endre prognosene per mai. Som kjent ventast det at fakultetsnivået vil overføre underskot til 2017, og føresetnaden for prognosene om budsjettbalanse er at institutta samla sett går med tilsvarende overskot. Målsetjinga kan måtte justerast etter kvart.

Pr. mai har inntektene frå KD vore omtrent som budsjettert. Instituttinntektene har vore ca. 1,8 mill.kr lågare enn budsjettert, hovudsakeleg fordi det er budsjettert med lisensinntekter ved BIO som per mai ikkje har kome.

Kostnadane har per mai vore høgare enn budsjettert, og høgare enn i same periode i fjor, grunna høgare kostnad til investeringar og interne transaksjonar. Avviket i investeringar skuldast høgare investeringar ved fleire av institutta, og investeringane ventast å verte noko høgare enn årsbudsjettet. Avviket på interne transaksjonar skuldast i stor grad (i underkant av 6 mill.kr) ei teknisk omlegging i rekneskapet ved at avvik mellom kostnad og avtalebeløp i prosjektmodulen PA no vert synleg som kostnad på GB. Slik avvik skuldast oftast at det er kostnadsført meir enn avtalebeløp på prosjekta, og store avvik her skuldast i all hovudsak at ein ventar på ny kontrakt før ein kan oppjustere avtalebeløp. Overforbruk på prosjekta og tekniske feil er andre grunnar til at slike avvik kan oppstå, men desse avvika vil normalt ha lågare omfang. Det er utarbeidd rutinar frå sentralt hald for å handtere dette, samt at fakultetet vil ha fokus på å dette framover. Utover dette har fakultetet budsjettert ein venta refusjon for husleige for 2015 på 1,8 mill.kr, som ikkje er rekneskapsført endå. Lønnskostnadane og andre driftskostnadane har begge vore omtrent som budsjettert for fakultetet sett under eitt, men med noko større avvik på instituttnivå. Merk også at lønn til fast tilsette har vore lågare enn budsjettert, medan lønn til midlertidig tilsette (inkluderer vikarar, sensur osv.) har vore høgare enn budsjettert.


Figur 4 viser budsjetterte og rekneskapsførte kostnadane på GB per månad for fakultetet sett under eitt. Som figuren viser har rekneskapen per mai i stor grad følgt same mønster som budsjettet, men kostnadane har jamt over vore litt høgare enn budsjettert.

**Figur 4 Budsjett og rekneskap per måned 2016 (tal i 1000 kr)**



Figur 5 viser talet på faktiske stipendiat- og postdoktorårsverk per mai 2016 samanlikna med årets tildeling per institutt. Tal for tildekte rekrutteringsstillingar tek ikkje høgde for ekstratildelingane i orienteringssak d frå fakultetsstyremøte 28. april 2016, då tildelingsbrev foreløpig ikkje er sendt til institutta. Samla sett har fakultetet per mai ingen lediggang i rekrutteringsstillingar.

**Figur 5 Rekrutteringsstillingar GB, faktiske årsverk per mai og tildeling 2016**



På motpart 81 har både investeringane og avskrivingane vore høgare enn budsjettet. Pr mai har det blitt skrevet av utstyr for ca. 17,2 mill.kr, medan investeringane har vore på ca. 18,7 mill.kr, mykje pga. investeringar i nasjonal infrastruktur ved GEO.

### 3. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 2 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per mai 2016 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet	Prognose 2016	Årsbudsjett 2016	Budsjett pr mai 2016	Rekneskap pr mai 2016	Avvik pr mai 2016	Avvik %	Rekneskap pr mai 2015	Endring frå mai 2015
Tilskot/innbetalingar								
Norges forskingsråd	-230 000	-230 000	-109 028	-102 049	-6 978	-6,4 %	-106 532	-4,2 %
EU	-30 000	-30 000	-12 962	-22 800	9 838	75,9 %	-3 442	562,4 %
Andre bidrag	-80 000	-80 000	-28 728	-23 708	-5 020	-17,5 %	-26 780	-11,5 %
Oppdrag	-3 000	-3 000	-148	0	-148		-733	-100,0 %
<b>Sum</b>	<b>-343 000</b>	<b>-343 000</b>	<b>-150 866</b>	<b>-148 557</b>	<b>-2 309</b>	<b>-1,5 %</b>	<b>-137 486</b>	<b>8,1 %</b>
Aktivitet/kostnadar								
Norges forskingsråd	225 000	225 000	116 227	83 985	32 242	27,7 %	85 652	-1,9 %
EU	41 000	41 000	21 656	18 717	2 939	13,6 %	18 807	-0,5 %
Andre bidrag	94 000	94 000	45 913	31 021	14 892	32,4 %	37 624	-17,6 %
Oppdrag	4 000	4 000	2 611	1 855	756	29,0 %	618	200,0 %
<b>Sum</b>	<b>364 000</b>	<b>364 000</b>	<b>186 406</b>	<b>135 578</b>	<b>50 828</b>	<b>27,3 %</b>	<b>142 701</b>	<b>-5,0 %</b>
Saldo overført frå forrige år								
Norges forskingsråd	4 408	4 408	4 408	4 408	0	0,0 %	-10 308	-142,8 %
EU	-25 998	-25 998	-25 998	-25 998	0	0,0 %	-31 055	-16,3 %
Andre bidrag	-39 036	-39 036	-39 036	-39 036	0	0,0 %	-44 192	-11,7 %
Oppdrag	-7 078	-7 078	-7 078	-7 078	0	0,0 %	-3 737	89,4 %
<b>Sum</b>	<b>-67 704</b>	<b>-67 704</b>	<b>-67 704</b>	<b>-67 704</b>	<b>0</b>	<b>0,0 %</b>	<b>-89 291</b>	<b>-24,2 %</b>
Saldo overført til neste periode								
Norges forskingsråd	592	592	-11 607	13 656	-25 263	-217,6 %	31 187	-56,2 %
EU	14 998	14 998	17 305	30 081	-12 777	-73,8 %	15 690	91,7 %
Andre bidrag	25 036	25 036	21 852	31 723	-9 872	-45,2 %	33 348	-4,9 %
Oppdrag	6 078	6 078	4 616	5 223	-608	-13,2 %	3 851	35,6 %
<b>Sum</b>	<b>46 704</b>	<b>46 704</b>	<b>32 164</b>	<b>80 684</b>	<b>-48 520</b>	<b>-150,8 %</b>	<b>84 076</b>	<b>-4,0 %</b>
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

Samla sett er både aktivitet og innbetalingar per mai lågare enn budsjettet. Med unntak av innbetalingar frå EU-aktivitet, er aktiviteten og innbetalingane for dei ulike finansieringskjeldene også lågare enn i same periode i fjer. Institutta sine prognosar ligg samla over budsjettmål, og for dei fleste finansieringskjeldene auka institutta sine prognosar frå mars til april. Fleire av avvika er forklart som periodeavvik frå budsjett. Unntaket er annan bidragsaktivitet der prognosane for både aktivitet og innbetalingar ser ut til å nærme seg meir budsjettmålet. Usikkerheita som ligg i at prognosane og rekneskapen peikar i ulike retningar, gjer at fakultetet per mai vel å halde fast på den samla prognosene om aktivitet og innbetalingar lik budsjettmål. Vi vil følgje utviklinga nøyne framover, og ekstra nøyne vil vi følgje utviklinga i innbetalingar frå EU, der innbetalingane per mai har vore høgare enn budsjettet, og innbetalingar frå NFR, der det negative avviket per mai er knytt til nasjonal infrastruktur.

Budsjettmål 2016 for både aktivitet og innbetalingar er litt lågare enn resultat 2015. Årsverktala er litt lågare per mai 2016 enn i same periode i fjer, og ser ut til å understøtte det at resultat 2016, i tråd med budsjettmål, vil verte litt lågare enn resultat 2015.

Tabell 2 viser at aktiviteten per mai 2016 er 27,3 % lågare enn budsjettet, og 5,0 % lågare enn aktiviteten i same periode i fjer. Aktiviteten har vore lågare enn budsjettet for alle dei fire finansieringskjeldene, og avviket skuldast mellom anna at siste faktura for NMR-maskin ved KI ikkje er mottatt og forseinka aktivitet ved fleire av institutta. Samanlikna med same periode i fjer er aktiviteten redusert for alle finansieringskjelder unntatt oppdragsaktivitet. Størst er reduksjonen i annan bidragsaktivitet, og nedgangen finn vi hovudsakeleg ved IFT, som forklarer at avviket ventast å verte redusert, men at aktiviteten ventast å verte lågare enn budsjettet pga. få nye prosjekt. I tillegg fører endring i periodisering av overforbruk på PA-prosjekta, som gjev høgare kostnadar under interne transaksjonar på GB, til tilsvarande lågare aktivitet på BOA. Dette er noko av grunnen til avvik mellom budsjett og rekneskap, samt til reduksjon samanlikna med 2015.


Samla innbetalingar er per mai 1,5 % lågare enn budsjettet, men 8,1 % høgare enn i same periode i fjer. Innbetalingane har vore lågare enn budsjettet og lågare enn i same periode i fjer for NFR-bidragsaktivitet, annan bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet. Avviket på budsjett skuldast hovudsakeleg at siste innbetaling knytt til NMR-maskin ved KI ikkje er kome endå og forseinkingar i aktivitet. Nedgangen samanlikna med same periode i fjer skuldast mellom anna at det per mai 2015 var kome innbetalingar til SFI ved IFT for tidlegare år og innbetalingar til SFU bioCEED ved BIO. Innbetalingar frå EU-bidragsaktivitet har vore høgare enn budsjettet og tydeleg høgare enn i same periode i fjer, og skuldast i stor grad høge innbetalingar ved BIO. Avviket frå budsjett er hovudsakeleg

knytt til overføring av EU-prosjekt frå Sars og pre-financing på nye prosjekt, med auken samanlikna med same periode i fjor er knytt til innbetalingar på fleire prosjekt, t.d. SFI Lakselussenteret.

**Tabell 3 BOA-aktivitet per institutt per mai 2016 (tal i 1000 kr)**

Finansieringskilde	MN-felles	MI	II	IFT	KI	MBI	GFI	GEO	BIO	GEOBIO	Samla
1. Oppdragsaktivitet	0	0	5	305	230	39	5	92	1 178	0	1 855
2. NFR - bidragsaktivitet	0	1 838	6 109	12 678	11 985	2 403	10 948	19 575	17 498	951	83 985
3. EU - bidragsaktivitet	0	78	1 629	3 145	80	0	2 691	6 349	4 745	0	18 717
4. Annen bidragsaktivitet	818	484	1 480	2 850	2 040	2 726	2 540	12 342	5 740	0	31 021
<b>Sum</b>	<b>818</b>	<b>2 399</b>	<b>9 223</b>	<b>18 979</b>	<b>14 335</b>	<b>5 168</b>	<b>16 184</b>	<b>38 359</b>	<b>29 161</b>	<b>951</b>	<b>135 578</b>
Prosent av samla BOA	0,6 %	1,8 %	6,8 %	14,0 %	10,6 %	3,8 %	11,9 %	28,3 %	21,5 %	0,7 %	100,0 %

**Figur 6 BOA-aktivitet per institutt per mai 2016 (tal i 1000 kr)**



Tabell 3 og Figur 5 viser BOA-aktivitet per institutt per mai 2016. Samla aktivitet, NFR-bidragsaktivitet, EU-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet har alle vore størst ved GEO, medan oppdragsaktivitet har vore klart størst ved BIO.

Tabell 3 viser i tillegg fordelinga av BOA-aktivitet ved fakultetet. Det har per mai vore størst aktivitet ved GEO og BIO, og desse to institutta står samla sett for 49,8 % av BOA-aktiviteten ved fakultetet.

## **4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)**

Inntektene til SKD vert stilt til disposisjon på ein sentral stadtkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadtkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadtoden på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

SKD melder om litt forseinka aktivitet i høve til budsjett, men det påverkar ikkje prognosen. SKD overførte ca. 11 mill.kr frå 2016, og melder prognose for overføring til 2017 på 7 mill.kr.

## **5. Vedlegg**

### **5.1 Definisjonar og forklaringar**

Grunntildelinga (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øyremerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforsking (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivingane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivingar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivingane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).